



Det møtte 14 unge med sykklar då det var sesongstart for allidrettopplegget i kveld og det må karakteriserast som ein frisk start.

Syklinga gjekk føre seg i området rundt skulen.

Neste onsdag blir det løypeorientering i det same området og så går det vidare med innebandy, fotball, hinderløype, klatring, basket, turn, friidrett og dans. Og det stoppar ikkje der. Sluttan er krevande - det er ein lagkonkurranse a la 71 grader nord!

Det er ingen grunn til å klaga på utvalet og spennvidda i øvingane som Haugland/Haugland har plukka ut og satsa på...

(Foto: Ola Matti Mathisen)